



MØTEINNKALLING

Utval: Kommunestyret

Møtedato 28.01.2021

Møtetid: Kl. 18:00

Møtestad: Biblioteket på Bjørkheim

Varamedlem skal ikke møta utan nærmere innkalling

Forfall til møtet må meldast snarast råd til servicesenteret (tlf. 56 58 74 00 eller e-post postmottak@samnanger.kommune.no), som vil kalla inn varamedlem.

Me ber om at alle som kan vera ugilde i ei eller fleire saker på sakslista melder frå om dette til servicesenteret.

Knut Harald Frøland
ordførar

SAKLISTE**Saker til handsaming på møtet**

Sak nr.	Arkivsak	Sakstittel	Merknad
001/2021	21/73	Faste saker	
002/2021	21/35	Stillingstittel for den administrative toppleiaren i Samnanger kommune	
003/2021	20/418	Budsjett 2021 - presisering av innhold i budsjettvedtak av 3. desember 2020	
004/2021	21/15	Varsel om søksmål	Ikkje offentleg

Oversikt faste saker

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte
- Delegerete vedtak/referatsaker
- Utvalet sitt kvarter



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Marianne Soleng	Arkivkode: FE-033
Arkivsaksnr: 21/73	Løpenr: 21/718
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	28.01.2021	001/2021

Faste saker

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

- Møteinkallinga og saklista vert godkjent.
- Orienteringssaker/referatsaker vert tekne til orientering.

Oversikt over faste saker:

Godkjenning av innkalling og sakliste.
Eventuelle merknader til protokoll frå førre møte.
Orienteringssaker/referatsaker.
Utvælet sitt kvarter.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Jan Erik Boge	Arkivkode: FE-034
Arkivsaksnr: 21/35	Løpenr: 21/288
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	28.01.2021	002/2021

Stillingstittel for den administrative toppleiaren i Samnanger kommune

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.

Dokument som ikkje er vedlagt:

- Ny kommunelov
(<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83>)
- Gammal kommunelov
(<https://lovdata.no/dokument/NLO/lov/1992-09-25-107>)
- Forarbeid til ny kommunelov
(<https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-46-l-20172018/id2593519/>)

Kva saka gjeld:

Kommunestyret vedtok 18.12.2020 (sak 108/2020) å tilsetja Ingebjørg Vamråk som fast rådmann/kommunedirektør. Det går fram av møteprotokollen at ordføraren under handsaminga informerte om at det i kommunestyremøtet i februar 2021 truleg vil koma opp sak om kva stillingstittel kommunen skal bruka i framtida (rådmann eller kommunedirektør).

På grunn av at denne saka gjeld Ingebjørg Vamråk sjølv, har ho ikkje delteke på arbeidet med saksutgreiinga. På bakgrunn av dette vert saka også lagt fram utan framlegg til vedtak.

Det er kommunestyret som avgjer kva stillingstittel den administrative toppleiaren i kommunen skal ha. Den nye kommunenlova som tredde i kraft for om lag eit år sidan, brukar tittelen kommunedirektør. Den gamle kommunelova frå 1992 brukte tittelen administrasjonssjef. Kommunelova opnar for at kommunane kan velja å bruka ein annan tittel enn den som er brukt i lova. Dette gjeld i den nye kommunelova, og gjaldt også i den gamle.

Før den nye kommunelova tredde i kraft, brukte dei aller fleste kommunar stillingstittelen rådmann. Svært få kommunar brukte stillingstittelen administrasjonssjef. Samnanger brukte stillingstittelen administrasjonssjef fram til 17.06.2009, då kommunestyret vedtok å endra stillingstittelen til rådmann (vedtak i kommunestyresak 039/2009). Etter 2009 har Samnanger brukta stillingstittelen

5 av 7

rådmann.

Det går fram av forarbeida til den nye kommunelova at Kommunal- og regionaldepartementet oppfordrar kommunane til å bruka stillingstittelen kommunedirektør, fordi dette i motsetnad til rådmann er ein kjønnsnøytral tittel.

Stillingtitlar i nabokommunar

Nedanfor følger informasjon om kva stillingstittel nokre av nabokommunane til Samnanger brukar per i dag:

- Austevoll - rådmann
- Bjørnafjorden - kommunedirektør
- Kvam - rådmann
- Osterøy - rådmann
- Tysnes - rådmann
- Ullensvang - rådmann
- Vaksdal - rådmann
- Voss - rådmann

Vurderingar og konsekvensar:

Etter at den nye kommunelova vart vedteken og tredde i kraft, har ein del kommunar gått over til å bruka stillingstittelen kommunedirektør. Dette gjeld kanskje spesielt for kommunar som har tilsett ny administrativ toppleiar. Likevel er det framleis mange kommunar som brukar stillingstittelen rådmann.

Det kan argumerterast både for stillingstittelen kommunedirektør og rådmann:

- Kommunedirektør er ein kjønnsnøytral tittel, og er også tittelen som er brukt i kommunelova. Det er, mellom anna av likestillingsomrym, ei målsetting at stillingtitlar i det offentlege skal vera kjønnsnøyrale. Stillingstittelen rådmann oppfyller ikkje dette kravet. Tendensen er at fleire kommunar no går over til å bruka stillingstittelen kommunedirektør.
- Rådmann er stillingstittelen som dei fleste kommunar har brukt i mange år, og som innbyggjarane er godt kjende med. Rådmann er ein eintydig stillingstittel som ikkje lett kan forvekslast med andre stillingtitlar, slik kommunedirektør kan. Stilltingtitlar som lett kan forvekslast med kommunedirektør er allereie i bruk i ein del norske kommunar, men på andre stillingar enn den administrative toppleiaren. Dette gjeld for eksempel stillingstittelen kommunaldirektør. Det kan også argumerterast for at omgrepet direktør vil kunne framstå som litt merkeleg/framand å bruka for mange i Samnanger, i alle fall i ein overgangsperiode.

Det som uansett er klart, er at den administrative toppleiaren i Samnanger kommune ikkje kan ha to stillingtitlar. Kommunestyret bør ta stilling til kva stillingstittelen skal vera. Dersom kommunestyret ikkje gjer vedtak om dette ne, reknar administrasjonen med at vedtaket frå 2009 om å bruka stillingstittelen rådmann vil vera gjeldande inntil vidare.

Det er inngått arbeidsavtale med Ingebjørg Vamråk der det er opna for alternativa rådmann og kommunedirektør. På bakgrunn av denne avtalen vil berre desse to alternativa vera aktuelle å bruka i Samnanger no. D.v.s. at den inngåtte avtalen utelukkar andra potensielle alternativ, for eksempel administrasjonssjef.



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar: Ingebjørg Vamråk	Arkivkode: FE-151
Arkivsaksnr: 20/418	Løpenr: 21/689
Sakstype: Politisk sak	

SAKSGANG

Styre, utval, komité m.m.	Møtedato	Saksnr
Kommunestyret	28.01.2021	003/2021

Budsjett 2021 - presisering av innhold i budsjettvedtak av 3. desember 2020

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret presiserer at det kan nyttast inntil 1 mnok ekstra ved skulane i budsjettåret 2021, dersom dette er naudsynt for å få til ein god prosess og ein mjukare overgang. For budsjettåra 2022-2024 legg ein til grunn at innsparingane er gjennomførte i tråd med vedteken økonomiplan.

Dokument som ikkje er vedlagt:

Budsjettvedtak (møteprotokoll) av 3. desember 2020.

Kva saka gjeld:

Det har vist seg at det knyter seg usikkerheit til ei formulering gjort i budsjettmøtet 3. desember 2020. Det er difor naudsynt å foreta ei presisering.

Vurderingar og konsekvensar:

I budsjettmøtet 3. desember blei det gjort visse endringar i formannskapet sitt budsjettvedtak frå 12. november, gjennom eit fellesframlegg frå alle parti. Ein viktig bakgrunnen for endringa, var at det få dagar før møtet i kommunestyret, blei klart at kommunen ville få ei auka inntekt tilsvarende 1,6 mnok, grunna auka prognose for eigedomsskatt frå kraftverk.

I ettertid har det vist seg at det er noko uklarheit kring ein sum på 1 mnok, i vedtaket formulert slik: «1.000.000 samla auka til skulane, til fordeling ved rådmannen.» Dette har av nokre blitt oppfatta dit hen at skulane sine budsjett er endra, tilsvarende 1 mnok, frå vedtaket som blei gjort av formannskapet i budsjettmøtet 12. november.

Kommunestyret la til grunn for si justering av vedtaket i formannskapet, at det er større økonomisk rom enn den formannskapet var kjent med ved sitt vedtak. Samstundes såg ein at det kunne bli krevjande å gjennomføre tenkte innsparingar ved skulane, i budsjettåret 2021, mellom anna fordi budsjettprosessen blei kort, og fordi ein har lagt opp til brei involvering tidleg i 2021. Kommunestyret sitt vedtak om å innvilge 1 mnok ekstra til skulane i 2021, må sjåast i lys av dette, og er meint å gje rom for å bruke noko meir tid på å gjennomføre dei tenkte innsparingane, dersom dette er naudsynt. På denne bakgrunn blei vedtaket formulert med tilleggset «til fordeling ved rådmannen».

**Sak 004/2021 er unnteken frå offentleg innsyn,
og er derfor ikkje med i denne møteinnkallinga.**

**Dei folkevalde som skal handsama saka i
kommunestyret kan lesa saksdokumenta i ACOS
Møteportal.**